

Stord kulturhus
Postboks 414
5403 Stord

Dagleg leiar: Trond L. Onarheim
53 49 69 60

kulturhuset@stord.kommune.no
trond.leirvik.onarheim@stord.kommune.no

ANSVARSERKLÆRING 2010

Symjehallen i Stord kulturhus skal vera ein møtestad der tryggleik og hygiene alltid er i fokus. Utleigar er ansvarleg for at gjeldande lovar og forskrifter vert følgt opp, difor er det naudsynt at alle leigetakarar innfrir dei krava me stiller til utleige. Ei kvalitetssikring på dette er at denne ansvarserklæringa og alle vedlegga vert leste og skrive under. Dette er ein føresetnad for å tilgong til badeanlegget.

Dagleg leiar er kontaktperson når det gjeld symjehallen. Under utleiga vil det alltid vera ein ansvarleg kulturhusvert/ vaktmeister på jobb som du kan retta deg til. Mobilnummer til kulturhusvert er 910 00 393.

Leigetakar erklærer å stetta følgjande krav:

1. Det skal alltid vera ein bassengleiar (fylt 18 år) til stades med **godkjent livredningskurs** og **stadfesting på at bassengleiar kan dykka ned til fire meter**. Kurset kan ikkje vera eldre enn 1 år gammalt. Rettleiande kompetansekrav sjå side 3.
2. **Det skal fyllast ut namn på ansvarlege (Side 2) og denne skal sendast til Kulturhuset, enten på e-post eller med brevpost (sjå adresser over).**
NB! Dette må vera motteke før utleiga tek til. Leigetakar er innforstått med at ein kan bli nekta tilgong til symjehallen dersom dette ikkje er innlevert.
3. **Dersom det ved utleigetidspunkt viser seg at ingen av bassengleiarane er til stades, vil leigetakar ikkje få tilgong til symjehallen.** Sats for utleiga vil likevel bli fakturert som vanleg om det ikkje på førehand er avtala noko anna med dagleg leiar.
4. Les grundig retningslinjer, alarm- og brannplan som gjeld for symjehallen i Kulturhuset, og sjå til at desse vert følgt opp. Alle desse dokumenta ligg som vedlegg til denne avtalen, og heng på vaktrommet i symjehallen. Leigetakar er ansvarleg for at alle bassengleiarar får utdelt vedlegga, og at dei set seg inn i dei.
5. Ved meir enn 25 personar i bassenget, skal det vera ein ekstra vaksen person på land i lag med bassengleiarane. Er det meir enn 50 personar i bassenget må det nyttast **to** godkjente badevakter. Det er ikkje tilrådd å ha meir enn 80 personar samstundes i badeanlegget.
6. Bassengleiar har ansvar for å sjå til at det ikkje er personar att i symjehallen når utleigeperioden er over og skal låsa alle tilkomstvegane inn til bassenget.
7. Dersom leigetakar gjer skade på utleigar sitt anlegg/ inventar/ utstyr er leigetakar erstatningspliktig. Leigetakar pliktar å opplysa om dette til kulturhusvert eller dagleg leiar for kulturhuset.

Kulturhusvert/ vaktmeister har fullmakt til å visa vekk leigetakar ved brot på punkta over.

For leigetakarar som ikkje har naudsynt kompetanse, kan Kulturhuset vidareformidla førespurnadar som gjeld livredningskurs til godkjent instruktør.

Vedlegg 1: Underskrift til ansvarleg leigetakar.

Vedlegg 2: Kompetansekrav bassengleiarar (s.3)

Vedlegg 2: Retningslinjer for symjehallen (s. 4)

Vedlegg 3: Alarmplan symjehallen (s. 5-6)

Vedlegg 4: Brannplan symjehallen (s.7)

- 2 - SYMJEHALLEN I STORD KULTURHUS – LEIGEAVTALE FOR EKSTERNE LEIGETAKARAR

Denne sida returnerast ferdig utfylt til Kulturhuset

Eg erklærer med dette å ha lese Stord kulturhus si ansvarserklæring (side 1) punkt 1-7, og vil med mi underskrift stadfeste at denne vert følgt opp. Eg stadfestar at alle ansvarlege bassengleiarar har livredningskurs og har gjennomført dykking og opphenting av person/ dukke på 4 meters djup. Eg skjønner at brot på avtalen kan føra til utestenging frå framtidig leige/ eventuelle krav om erstatning.

Firma/ organisasjon

Ansvarleg leigetakar (blokkskrift)

Signatur ansvarleg leigetakar

Fødselsdato

Mobilnummer

Epost til ansvarleg leigetakar

Utleigetidspunkt

Utleigetidspunkt

Namn ansvarleg bassengleiar

Fødselsdato

Mobilnummer

Namn ansvarleg bassengleiar

Fødselsdato

Mobilnummer

Namn ansvarleg bassengleiar

Fødselsdato

Mobilnummer

Namn ansvarleg bassengleiar

Fødselsdato

Mobilnummer

Namn ansvarleg bassengleiar

Fødselsdato

Mobilnummer

Namn ansvarleg bassengleiar

Fødselsdato

Mobilnummer

Namn ansvarleg bassengleiar

Fødselsdato

Mobilnummer

Namn ansvarleg bassengleiar

Fødselsdato

Mobilnummer

Om det skjer endringar i høve ansvarlege, skal det sendast inn oppdatert informasjon om dette. Denne informasjonen kan gjerne sendast på e-post til kulturhuset.

KOMPETANSEKRAV

BADEVAKTER/BASSENGLEIARAR

Godkjent årleg livredningsprøve

Alle bassengleiarar skal ved praktisk prøve vist at ho/ han kan utføra:

Grunnleggjande livredning som bassengleiar:

- Teori og praktisk prøve skal omfatta*
 - Hoppa/ stupa frå 3 m. høgd
 - Symja direkte 100m på bryst og 100m på rygg
 - Dykka og henta opp ei livredningsdukke eller partner frå 4 m. djup
 - Føra i land ein person (20 m.)
 - og direkte gjennomføra hjerte- lunge- redning (HLR) på øvingsdukke
 - Varsling til naudnummer/ intern varslingsplan
 - Korleis opptre ved skader/ ulukker/ akutte sjukdommar
 - Behandling av skada person
 - Undersøkja medvitslaus og medviten person
 - Kunna gjera greie for alarmplan/ instruks

Alle kompetansebevis/kursbevis gjeld i eitt år etter det er stempla og underskrive av instruktør. Kompetansebevis må fornyast årleg ved repetisjonskurs. Badevakter må vera fylt 18 år.

RETNINGSLINJER - SYMJEHALLEN I KULTURHUSET

1. Ansvarstilhøve

Ansvarstilhøva er oppdelt slik:

Grunnskular:	Stord kommune, rektorane
Offentleg bading:	Stord kommune, avdelingsleiar Kulturhuset
Trening idrettslag:	Idrettslaga
Anna utleige:	a) Leigetakar stiller med eigen badevakt med godkjent livredningskurs - må underteikna ansvarserklæring. b) Leigetakar leiger badevakt frå kulturhuset som er ansvarleg.

2. Ansvarshavande

Alle ansvarshavande må under utleige stetta følgjande krav:

- Ha godkjente bassengleiarar/ badevakter i høve kompetansekrav (vedlegg) som har satt seg inn i alarm/ brannplan og livredningsinstruks (oppslått i symjehall/vaktrom). Rundskriv 1-2008 (UDir 24.04.2008) gjeld ved skulebading og bør vera rettleiande for all utleige.
- Alle badevakter skal ha årlege kontrollkurs i livredning.
- Alle badevakter må kunna utføra opphenting av person på 4 meters djup.

3. Leigetakars ansvar

Når leigeperioden er over må alle brukarane opp av bassenget og alle dører inn til symjehallen **må låsast** – dersom leigetakar ikkje har nøkkel er det leigetakar sitt ansvar å gje melding til kulturhusvert (53 49 69 56) på huset. Symjehallen skal berre vera tilgjengeleg for ansvarlege bassengleiarar.

Symjehall og garderober skal vera rydda etter at leigeperioden er over. Dersom leigetakar kjem til urydda hall/ garderober må leigetakar gje melding om dette til vaktmeister slik at ansvaret kan leggjast på rette vedkommande. Sjå elles ordensreglar.

4. Ulukker (Rapport/skadeskjema på vaktrommet)

Ved uhell/ulukker skal livredningsinstruks/ alarmplan følgjast! Ansvarshavande skriv rapport om ulukka til avdelingsleiar – denne skal leverast til vaktmeister.

5. Ordensreglar

- 1. Bassengleiarar/ badevakter er ansvarlege for tryggleiken i bassenget, og brukarane må retta seg etter instruks frå desse.**
2. Badevaktene har rett til å visa vekk brukarar som ikkje rettar seg etter skrivne eller uskrivne lover for god framferd. Dette kan føra til utvisning 3 – 6 månadar.
3. Badevaktene skal setja opp banetau ved utløpet av sklie når denne er i bruk.
4. Badevaktene kan stengja stupetårnet/ sklie dersom dei finn det naudsynt.
5. Barn som ikkje er symjedyktige må ha følgje av foreldre eller andre føresette i bassenget.
6. Barn åleine som er symjedyktige må vera over 10 år.
7. Brukarane av bassenget skal dusja før og etter dei nyttar basseng eller badstove.
8. Det kan berre nyttast badedrakt/ bukse i vatnet.
9. Badevaktene er ansvarlege for at det vert rydda i hall og garderober etter bruk.
10. Kulturhuset er ikkje ansvarleg for bortkomne gjenstandar i garderober o.l.

Symjehallen er felles eigedom. Alle må i felles interesse gjera sitt til at dei badande alltid får ei trygg og god oppleving!

Stord, august 2008

Trond L. Onarheim, avdelingsleiar

1. Den som oppdagar ulukka

*Alle tilsette, leigetakarar og brukarar som observerer ei ulukke eller skade har plikt til å hjelpa for å hindra skade på liv og helse. **Ein som ligg skada i symjebassenget må først og fremst bringast i land slik at førstehjelp kan utførast.***

*Dersom den som oppdagar ulukka ikkje sjølv kan foreta førstehjelp, skal ein gjera det ein kan for å tilkalla assistanse ved **å ropa eller henta hjelp.***

Ved mistanke om skade i nakke eller rygg skal hovud/ nakke haldast mest mogleg i ro for å unngå forverring av skaden.

2. Varsling

Melding om ulukke skal så raskt som mogleg gis til 113.

(Bruk 0 for summetone på interntelefon). Det er betre å vera føre var dersom det er tvil om omfang av skade.

Informert alarmsentralen om:

- Kven som ringjer
- Kvar pasienten er
- Omfang av skade

Det er tryggleiksalarm i symjehallen. Den skal utløysast med det same ein alarmsituasjon oppstår. Den utløyser alarmklokke i resepsjon og ringer automatisk vaktmeistertelefonen. *Ansvarleg vaktmeister/ kulturhusvert kan då assistera med varsling/ kontakt via naudnummer.*

3. Skadestadleing

Den ansvarlege badevakt/ bassengleiar/ kulturhusvert skal leia førstehjelpsarbeidet fram til ambulanse er på staden.

4. Førstehjelp

4.1 HLR (Hjarte og lungeredning)

Det er kritisk at tilsynelatande livlause personar får tidleg og korrekt hjelp. Tre tilstandar kan vera aktuelle:

- A)** Pasienten **reagerer** på berøring og/eller tilrop, og pustar sjølv.
- Pass på pasienten og ring **113** ved behov.
- B)** Pasienten **reagerer ikkje** på berøring og/eller tilrop, men pustar sjølv.
- Legg pasienten i sideleie og ring **113**.
- C)** Pasienten **reagerer ikkje** på berøring og/eller tilrop, og **pustar ikkje**.
- **Start HLR, medan nokon andre ringer 113.**

HLR: Start med 30 kompresjonar, 2 innblåsingar, 30 kompresjonar. Hald fram med dette til ambulanse kjem. **Tel høgt!** Byt innbyrdes dersom mogleg.

4.2 Sirkulasjonssvikt

Alvorleg skadde pasientar kan få sirkulasjonssvikt. Sirkulasjonssvikt vil seia at blodtrykket har falt så mykje at organa i kroppen ikkje får tilført nok blod. Årsak kan vera bløding, hjartesvikt, blodforgifting eller ein kraftig allergisk reaksjon.

Teikn på sirkulasjonssvikt

Sirkulasjonssvikt fører til kald, bleik og klam hud og rask puls. Dersom sirkulasjonssvikt får utvikla seg, kan den skada bli medvitslaus.

Kva gjer du:

Du legg nokon i sjokkleie ved å leggja dei på ryggen og løfta beina opp. Nokon kan halda beina, eller dei kan kvila på ein stol eller anna passande objekt. Sløve og medvitslause pasientar med teikn på sjokk skal og leggjast i sjokkleie, dersom ein greier å halda luftvegane opne. **I sjokkleie er ikkje luftvegane opne av seg sjølv, hovudet må haldast bakover og haka løfta.**

Bløding

For å stansa ein ytre bløding:

Trykk direkte mot den staden som blør.

Dersom du har eit reint tøyestykke, kan du leggja det mot staden som blør før du trykker. Dersom bandasjen vert gjennomfukta av blod, skal du ikkje fjerna den, men leggja ein ny oppå. Hald trykket lenge. Med bandasje og elastisk bind kan du laga ein trykkbandasje.

Løft den blødande kroppsdelen så høgt du kan, hugs å halda fram med å trykka mot staden som blør.

Gje omsorg

Det er ei stor psykisk påkjenning å bli alvorleg sjuk eller skadd. Ein vert overvelda, redd og engsteleg. Du kan gje den omsorg og trøyst som dempar angsten og smertene ved å snakka roleg og positivt med pasienten.

5. Når ambulansen kjem

Når du skal overlata ansvaret for ein pasient til ambulanse- eller hjelpemannskapa, må det skje utan tidstap og farlege misforståingar.

- **Vis veg for ambulansen og mannskapa.**
- **Gje ein god rapport** – fortel kven du er, kva har skjedd, korleis tilstanden til pasienten er, kva førstehjelp som er gjort.

6. Når pasienten er henta

Skadestadleiar skriv avviksrapport med skildring av hendingsgangen, som leverast til avdelingsleiar. Avviksrapport ligg på vaktrom i symjehallen.

Det er ei psykisk belastning å gå gjennom eit førstehjelpsarbeid, så kontakt nokon nær deg eller avdelingsleiar dersom du treng nokon å snakka med.

○ **Den som oppdagar ulukka**

Alle tilsette, leigetakarar og brukarar som observerer eit branntilløp har plikt til å gjera det ein kan for å tilkalla assistanse. Rop hjelp, utløys manuel meldar, eller ring kulturhusvert/ vaktmeister på 910 00 393 eller 53 49 69 56.

○ **Leigetakarar**

Leigetakar må setja seg inn i røming svegar og kvar brannsløkkingsutstyret er plassert. Leigetakar må ved brannalarm varsle kulturhusvert/ vaktmeister og evakuera lokalet via næraste naudutgong.



Brannslange i vaskesentral ved inngang til hallen



Brannslange i ribberom ved enden av hallen



Handsløkkjeapparat i vaktrom

○ **Retningslinjer for personalet:**

1. Vaktmeister/ kulturhusvert er hovudansvarleg ved branntilløp. Utløys tryggleiksalarm eller ring 910 00 393/ intern 69 56.
2. Start evakuering:
 - 2.1 Få publikum opp av bassenget.
 - 2.2 Før publikum via garderobane til naudutgang på baksida av huset.
 - 2.3 Sjekk at det ikkje er publikum att i garderobane, badstua og mellomgangen.
3. Lukk vindaugo og dører, og forlat avdelinga.

Kvar enkelt som jobbar i avdelinga, har ansvar for å kjenna til kvar brannvernustyret er plassert, og kunna nytta det.